

# ÅRBOK FOR KARMSUND

*HAUGESUND MUSEUM*

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE  
OG  
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND  
1956

## FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekka. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera Årbok for Karmsund til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

## EIN BØRSESMED PÅ KARMØY I 1784

I ein av pakkane i amtmannsarkivet, statsarkivkontoret i Stavanger, ligg denne søknaden fra smed Jacob Sand i Stangaland skipreide om å få sonen sin fri fra militærtenesta:

Underdanig andragende.

Jeg er en smed som kand forarbeide både spader, ljåer, så og gevæhrer. Dette arbeide kand jeg ikke alene udrette, uden min søn Jon Jacobsens hielp. Sønnen er udkommanderet til kongens øe tieneste. Her påfordres i denne tiid gevæhrer, hvem skal sådant istandsætte. Udi Carmsund kand ventes kappere som er skeet for nogle år siden udi Schudesneshavn. Jeg obligerer mig når min søn er hos mig, skal gevæhrer blive forfærdiget og i påkommende tilfælde brugelig, men uden min søns hjælp kand ieg intet forfærdige de påbudne gevæhrers istandsættelse.

Forbinder mig som en boesiddende mand i Stangelands skibrede at ey allene at reparere forrustede gevæhrer, men endog at forarbeide dem af nye, som i denne tiid hvor udkommando skeer, kunde blive nødvendig især Carmsund som ligger ved havpynten.

Nådige herre. Han er en deputeret ved øe og land sesionerne, behag nu som er i denne ca at frigive min søn fra udkomanderingen, da min søn med mig vil ey allene reparere, men endog anskaffe de fornødne skydegevæhrer.

Stavanger den 25. Juni 1784.

*Jacob Sand*  
(sign)

Stangaland skipreide var all Karmøy sunnanom Vedavågen-Eidsvågen, så ein kan etter opplysningen i dette skrivet ikkje få greida på kor børsesmeden Jacob Sand budde på Karmøy, men det får ættegranskaran på Karmøy finna ut.

*Ved K. C. R.*